



Innkalling Kommunestyret

Møtedato: 16.04.2020
Møtested: Teams-møte
Møtetid: 13:30 - 14:30

Elektronisk møte på Teams

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
028/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
029/20	Godkjenning av møteprotokoll
030/20	Orienteringssak
031/20	Forlenga forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar
032/20	Smittevernlegens vurdering av idrettsaktivitet - Korona - frå 15. april

Austrheim 15. april 2020

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
028/20	Kommunestyret	PS	16.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/338

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
029/20	Kommunestyret	PS	16.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/338

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 08.04.2020

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 08.04.2020
Møtestad: Teams - elektronisk møte
Møtetid: 15:00 - 16:30

I tillegg til oppsette saker vert det orienteringar:

- Om kva fullmakter formannskapet jobbar etter (ved kommunalsjef Thomas Lindås)
- Om Korona-arbeidet, herunder kva vedtak formannskapet har gjort. (Ved fleire).

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Atle Dag Utkilen	BIA	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Liv Løvvik, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Olav Birger Andersen, Thomas Lindås

Austrheim 15. april 2020

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
022/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
023/20	Godkjenning av møteprotokoll
024/20	Meldingar
024/20.1	Melding til kommunestyret: Formannskapetets vedtak om "Forskrift om stenging av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19"
025/20	Orienteringssak
026/20	Forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar
027/20	Smittevernplan for Austrheim kommune 2020 - Godkjenning

022/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

08.04.2020 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 022/20 - 08.04.2020 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

023/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

08.04.2020 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 023/20 - 08.04.2020 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent.

024/20: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

08.04.2020 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 024/20 - 08.04.2020 - Vedtak:

Meldingane vart tekne til orientering.

025/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

08.04.2020 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef Thomas Lindås orienterte om forskrifta som er vedteken om mellombels tilgang til fjernmøte. Er høve til å gjennomføra møte slik ein gjer no i dette møtet. Opptak frå dette møtet vert gjort tilgjengeleg etter møtet.

Lindås viste vidare til det mynde som ordførar og formannskap har til å styra mellombels etter beredskapsplanen, som ligg etter vedtak i kommunestyret frå 2017.

Bakgrunnen for at det kommunestyremøtet 2/4 vart avlyst, var at det var ei krevjande tid med Korona-arbeid i kommunen. Den daglege drifta er elles etter vanlege fullmakter innanfor vanleg delegasjon, ein har ikkje gjort noko ekstraordinært i denne situasjonen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det ikkje vert drive etter unntakstilstand, men vanleg drift.

Atle Utkilen (Bygdelista) har sendt eit innspel om val av styringsgruppe (sendt inn 8. april), som er med i protokollen frå kommunestyremøtet 13. februar. Dette innspelet ser Thomas Lindås og Ketil Tjore frå administrasjonen på til neste møte.

Rådmann Liv Løvvik orienterte om det som smittevernlegen har bestemt for idrettsaktivitet, herunder strenge reglar for ballspel.

Inger Lise Brekke (H) seier at ein bør følgja nasjonale retningslinjer for dette. Brekke spurte om idrettsanlegg som ballbinge og idrettsbana er å rekna som stengde. Rådmann Løvvik svara at som del av skuleanlegga så ser ein bana som stengt per no.

Brekke (H) følgde opp med å seia at det bør ikkje vera forbod mot å bruka fotballbana i seg sjølv, og at ho ikkje støtta ei stenging av idrettsanlegga.

Reidar Ulvøy oppmoda til å halda det stramt framover, og la fotballen ligga til over påske.

Rådmann Løvvik viste til at ballspel er særleg utsett sidan ein er smitteutsett straks ein får ballen spelt

på seg. Løvvik viste til NFF sine utgitte «Fotballens Koronavettregler» med strenge krav til korleis ein skal kunna driva aktivitet. Løvvik sa at det er smittevernlegen som bestemmer for inntil sju dagar, og så er det kommunestyret evt. som må stadfesta dette. Det er vurdert at smitterisikoen er større i påskehelga.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han støttar dette til over påske, og så må ein leggja seg på dei nasjonale retningslinjene etter påske.

Hardy Pedersen (Ap) viste til det som er sagt frå idrettslaget om at ein kan vera på anlegget i grupper på fem eller færre, men ballspel skal ein unngå.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (KrF) sa at for skulane er det viktig at elevane kan bruka anlegget til å utføra dei øvingane som er sette opp som oppgåver.

Rådmann Liv Løvvik konkluderte diskusjonen med at idrettsanlegga er opne, men at ein skal unngå ballspel på grunn av smittefare. Halda dei vanlege smittevernreglane. Nye retningslinjer vert delte på kommunen si heimeside og med oppslag på idrettsbana.

Reidar Øksnes (Sp) spør kva er gjort med tilgjengelege toalett i Årvika og i Øksneset, rådmannen svarer at dette ikkje har vore drøfta detaljert så langt. Helge Dyrkolbotn viste link til Bergen og Omland Friluftsråd sin plakat om Korona-tiltak, og Reidar Øksnes ordnar dette oppslaget i Øksneset og Lise Renate Helle i Årvikane.

Hardy Pedersen spurte om planar, beredskapsplan og smittevernplanen. Møtesekretæren svara at smittevernplanen vert lagt ut no som den er vedteken i dette møtet.

For møter vidare vert det fastsett at det skal vera kommunestyremøte torsdag 30. april, slik at ein har erfaring frå både opning av barnehagar og skular. Møtesekretæren sender innkalling til Teams- møte klokka 18.00.

Rådmann Liv Løvvik orienterte om planar for opning av barnehage og skular, jamfør det som er gitt frå Staten. Det skal komma statlege retningslinjer over påske, som ein må retta seg etter. Kommunen må vurdera reinhald, areal, avstand, smittevern, bemanning. Jobbar for å oppnå mest mogleg normalsituasjon, slik at folk kan gå på arbeid og samfunnet byrjar å komma i gang igjen.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det er tenkt å dela skuledagane mellom elevane.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug svara at ein må venta på kva krava er, men om det skal vera maksimalt fem per gruppe kan ein ikkje ta inn alle elevane. Ser på dei moglegheitene som ligg, heile vegen frå skuleskyss til klasseromma. Her la rådmannen til at det ikkje berre er utfordringar med areal, men også med lærarressurs.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at skatteinngangen hadde vore bra i starten av året, men med mange permitteringar pga. Korona og stopp pga. oljeprisen er det vanskelege tider no. Rådmannen viste i denne samanheng til at det har gått over 2 millionar ekstra til kostnader med Korona i ekstra arbeidsverk.

Ordførar Per Lerøy sa at det også bør settast i gang prosjekt som kan fungera som motkonjunktur-tiltak, for å få i gang sysselsettinga. Rådmannen sa at ein skal prøva å få i gang investeringsprosjekt så raskt som ein kan, og bruka lokale der ein kan innanfor spelereglane.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er fare for at ein del vil gå frå å vera permitterte til å verta utan arbeid. Viktig at skule og barnehage no kjem i gang slik at folk kan komma seg tilbake på jobb, og dermed at bedriftene kan få hjula i gang igjen. Om dette sa ordførar Per Lerøy at det etter krisa i 2014 gjekk nesten fire år før ein kom i gang igjen.

Hardy Pedersen (Ap) spurte om Helse/Omsorg har fått inn nok smittevernmasker. Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme svara at ein har ein del per no, og ikkje har brukt så mange enno. Om det ikkje skulle verta bruk for desse som er samla inn, så vil ein levera dei tilbake til dei private som kom med masker då denne situasjonen oppstod.

Ordføraren avslutta orienteringane med å oppfordra til at alle tek ansvar for smittevernreglane, og formidlar vidare til dei som ikkje etterlever det som er innført.

Handsaming i kommunestyret

Orienteringane vert teke til vitande.

KS - 025/20 - 08.04.2020 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

026/20: Forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar

Rådmannen sitt framlegg:

- Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.
- Vedtaket gjeld frå 04.04.2020 og har ein varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d

03.04.2020 FORMANNSKAPET

Tillegg om atterhald for vedtak i Alver foreslått av: Inger Lise Brekke

- Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.
 - Vedtaket gjeld frå 04.04.2020 og har ein varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d
- Vedtaket vert gjort med atterhald om at formannskapet i Alver gjer tilsvarande vedtak, når dei handsamar saka fredag 3. april.

Rådmann Liv Løvvik orienterte om at dette forbodet er teke opp frå Alver kommune si side. Austrheim har felles legevakt med Alver kommune, og dei utfordringar som Alver har, gjeld også Austrheim.

Er kort veg frå Alver til Austrheim dersom bubil/camping ser at det er forbod i Alver.

Helge Dyrkolbotn (KrF): Om me går med på dette, risikerer me at alle vert pressa vidare til Fedje eller Gulen?

Liv Løvvik: Det er kvar kommune som må vurderer dette.

Per Lerøy (Ap): Fedje, Gulen og Masfjorden tek ikkje dette som forskrift, men går ut med ei sterk oppfordring på linje med alle andre kommunar i gamle Hordaland, om at ein ikkje besøker deira

kommune i løpet av påska.

Liv Løvvik: Dette er heimla i smittevernlovgevinga. Kommunelegen/smittevernlegen kan gje sju dagar, kommunestyret må stadfesta dette vidare. Stadfestinga frå kommunestyret skjer tysdag over e-post.

Inger Lise Brekke (H): Helsedirektoratet har sagt at det ikkje er nødvendig med forbod for bubil eller båtar. Er det mogleg å støtta Alver med ei sterk oppmoding, men utan eit forbod?

Liv Løvvik: Om ein berre oppmodar, så kan ein ikkje bortvisa nokon. Saksframstillinga er sjekka opp mot det som gjeld nasjonalt, der det er sagt at kvar kommune kan gjera eigne vedtak.

Inger Lise Brekke (H): Er litt ambivalent på dette, på dette med å anten seia at det er nok med oppmoding, eller vera støttande opp mot Alver som har vår felles legevakt.

Liv Løvvik: For kommunen er det kapasitetsutfordringar med både testing og analyse.

Inger Lise Brekke (H): Er naturleg å støtta Alver dersom dei gjer dette vedtaket. Men her har ikkje Alver vedteke noko enno (møtet startar 12.00).

Per Lerøy (Ap): Kan me seia at det er med atterhald av vedtak i Alver kommune?

Liv Løvvik: Kan også venta med publisering til etter at Alver har gjort sitt vedtak.

Helge Dyrkolbotn (KrF): Kan leggja inn eit atterhald om at dette gjeld frå når Alver gjer sitt vedtak seinare i dag.

Akkurat den tida me går inn i no, vil det vanlegvis stå ein masse bubilar rundt i øyane og i Mastrevik. Samd med tiltaket, men korleis skal det handhevast.

Liv Løvvik: Her vert det gjort ei spesifikk betraktning, og dermed er ein innanfor der andre kommunar har vore utanfor lovgrunnlaget på grunn av meir generelle betraktningar.

Inger Lise Brekke (H): Men på dagtid vil det framleis vera lov å bevega seg med båt eller bubil, så noko smittefare kan det vera.

Liv Løvvik: Det er nettopp på natta at det er dårlegast dekning for legevakten, så det er på natta at det er mest behov for ei slik innskrenking.

Denne saka skal opp til stadfesting i kommunestyret i neste veke, tysdag 7. april. Ønskjer også å få kommunestyret si stadfesting på restriksjonar for idrettsanlegg, som fotball.

Inger Lise Brekke (H): Ber om at det vert teke atterhald om vedtak i Alver.

Handsaming i formannskapet:

Sams vedtak om rådmannens framlegg med innlagt atterhald.

FS - 047/20 - 03.04.2020 - Vedtak:

- Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.
 - Vedtaket gjeld frå 04.04.2020 og har ein varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d
- Vedtaket vert gjort med atterhald om at formannskapet i Alver gjer tilsvarande vedtak, når dei handsamar saka fredag 3. april.

08.04.2020 KOMMUNESTYRET

Rådmann Liv Løvvik orienterte om saka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) supplerte med at dette var eit vedtaksframlegg som kom frå Alver kommune, men der formannskapet i Alver gjorde eit litt avvikande vedtak i etterkant av Austrheim sitt formannskapsmøte.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at han støtta at ein heldt ei stram linje, og viste til at dette er i tråd med dei nasjonale retningslinjene.

Hardy Pedersen (AP) spurte om campingplassen i Njøten, Per Lerøy svara at det var distribuert skilt om stenging.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

KS - 026/20 - 08.04.2020 - Vedtak:

- Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.
 - Vedtaket gjeld frå 04.04.2020 og har ein varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d
-

027/20: Smittevernplan for Austrheim kommune 2020 - Godkjenning

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner Smittevernplan for Austrheim kommune 2020. Vedtaket er heimla i *Lov om vern mot smittsame sjukdommar* §§ 7-1 og 7-2 med forskrifter, men og i anna lovverk.

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Kommunelege Peter Kubon orienterte om arbeidet med ny smittevernplan.

- No er det gjort ein grundig revisjon av smittevernplanen. Arbeidet er gjort i samarbeid med dei andre kommunane i randkommunesamarbeidet, der kommuneoverlegane og andre i kommunehelsetenesta har jobba saman, og ein har også sett til andre kommunar for å få ein mest mogleg heilskapleg plan. Det faglege er felles, med lokale tilpassingar på funksjonar og namn i eigen kommune. Det er også sett på smittevernplanane til fylkeskommunen og sjukehusa, og no har smittevernplanen det innhaldet den skal ha. Planen skal vera eit fagleg godt arbeidsreiskap i arbeidet med smittevern.

I planen har ein oppdatert kontaktopplysningar for kvar kommune, men sjølve planen treng ikkje godkjennast på nytt dersom det berre er endringar i namn og nummer, eller det er nye kjelder det skal lenkast vidare til.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at planen vert sendt ut til medlemmene i kommunestyret, med beskjed om å melda skriftleg tilbake om dei støttar den eller ikkje. (Skal godkjennast av kommunestyret, men det er avlyst på grunn av Korona)

Kommunelege Kubon sa at planen skal sendast fylkeslegen med fleire når den er godkjent, det ordnar kommunelegen.

Inger Lise Brekke (H) spurte om planen alt var teke i bruk under den pågåande Korona-situasjonen. Kommunelege Kubon svara at planen har mange element som har komme til nytte, som til dømes pandemiplanen ligg som tillegg i smittevernplanen.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 031/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Smittevernplan for Austrheim kommune 2020. Vedtaket er heimla i *Lov om vern mot smittsame sjukdommar* §§ 7-1 og 7-2 med forskrifter, men og i anna lovverk.

08.04.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 027/20 - 08.04.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Smittevernplan for Austrheim kommune 2020. Vedtaket er heimla i *Lov om vern mot smittsame sjukdommar* §§ 7-1 og 7-2 med forskrifter, men og i anna lovverk.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/20	Kommunestyret	PS	16.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/338

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/20	Kommunestyret	PS	16.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Liv Løvvik	FA-X20	20/93

Forlenga forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar

Vedlegg

Forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar

Framlegg til vedtak:

- Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.
- Vedtaket gjeld frå 15.04.2020 og har ei varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Covid-19 er erklært som eit alvorleg utbrot av allmennfarleg smittsam sjukdom, som kan få alvorlege helsekonsekvensar for mange menneske. Verdens helseorganisasjon har erklært sjukdomen som ein pandemi, og ei alvorleg hending for internasjonal folkehelse. Det er sett i verk omfattande nasjonale tiltak for å avgrense spreing av Covid-19, og for å bidra til å oppretthalda nødvendige helse- og omsorgstenester. Nasjonale myndigheiter har stengd ei rekkje verksemder, skular, barnehagar, og nedlagd forbod mot ei rekkje aktivitetar der menneske elles vert samla.

Av omsyn til smittevernet og for å oppretthalda tilstrekkeleg smittvernkapasitet i kommunar og i helse- og omsorgstenesta, anbefalar kommuneoverlegen at det er naudsynt for kommunen å vedta eit forbod mot overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen.

Rettsleg grunnlag:

Smittevernlova § 4-1 gjev heimel for vedtaket. Aktuelle tiltak framgår av bestemmelsens første ledd bokstavane a til e.

Grunnleggande krav ved iverksetting av tiltak etter § 4-1 framgår av smittevernloven § 1-5:

"Smitteverntiltak etter loven skal være basert på en klar medisinskfaglig begrunnelse, være nødvendig av hensyn til smittevernet og fremstå tjenlig etter en helhetsvurdering. Ved iverksettelse av smitteverntiltak skal det legges vekt på frivillig medvirkning fra den eller de tiltaket gjelder.

Tvangstiltak kan ikke brukes når det etter sakens art og forholdene ellers vil være et uforholdsmessig inngrep."

Vedtaket er i tråd med rettleiaren frå Helse og omsorgsdepartementet, datert 29.03.20:

«Veileder til kommunene om lokale karantenereregler eller innreiserestriksjoner i forbindelse med utbruddet av Covid-19». Der går det fram at tiltak etter smittevernloven § 4-1 må vera vurdert og begrunna i lys av den konkrete situasjonen i den einsskilde kommune, og at eit kommunalt tiltak kan vere strengare enn nasjonale tiltak (pkt 5).

Ei forlenging av gjeldande vedtak med sju dagar frå 15. april, gjer at Austrheim legg seg på linje med opphevinga av det nasjonale «hytteforbodet». Regjeringa kunngjorde tysdag 7. april at dei vil letta på nasjonale restriksjonar, og opphevar frå måndag 20. april forbodet mot å overnatta på fritidseigedommar.

Vurdering

Kriteria for å bli testa for koronaviruset er strenge, og ein kjenner difor ikkje dei reelle tala for smitta i dei einsskilde kommunane, og smittespreiing kan skje frå personar som ikkje veit at dei er smitta. For å avgrense smittespreiing til befolkninga i Austrheim kommune, vil det vere viktig å avgrense moglegheita for innbyggjarar i andre kommunar til å overnatte i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar eller bubilar.

Austrheim har ei sårbar helse- og omsorgsteneste, der karantenetiltak etter nærkontakt med personar med påvist covid-19 sjukdom får omfattande konsekvensar for tenestetilbodet i kommunen. Austrheim kommune har etter helse- og omsorgstenestelova plikt til å yte helsetenester til dei som oppheld seg midlertidig i kommunen. Dette omfattar både heimesjukepleie, og allmennlegetenester, inkludert legevakt. Helse- og omsorgstenestene har allereie stor belastning på grunn av tidlegare utskrivningar frå sjukehus av pasientar som treng helsehjelp, etablering av nye sengeplassar for å ivareta pasientar med mistenkt koronasjukdom, og sengeplassar for dei med påvist koronasjukdom.

Nordhordland legevakt betener befolkninga i Austrheim, Austrheim, Fedje, Osterøy, Gulen, Masfjorden og Modalen. Dette ei sårbar teneste. Ei rekke konsultasjonar på legevakta tar no lenger tid, fordi det er krav til ekstra smitteverntiltak. Kapasiteten ved legevakta er difor allereie no redusert. Ei auke av befolkninga som skal ha tilbod frå legevakta, vil svekke beredskapen. Bemanninga ved legevakta er sårbar for endringar som Austrheim kommune ikkje har kontroll over, som for eksempel at sjukehuslegar som er ein del av det faste legevaktkorpset, på kort varsel ikkje lenger kan ta vakter ved legevakta, men blir trekt inn til meir jobbing på sjukehus i Bergen.

Av omsyn til smittevernet og for å oppretthalde tilstrekkeleg smittevernkapasitet i kommunen og i helse- og omsorgstenesta, vert det rådd til at ein vedtar eit forbod mot overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Det er vurdert at den samfunnsmessige nytten ved smitteverntiltaket er viktigare enn eventuell belastning og ulempe for dei tiltaket gjeld. Frivillig medverknad er vektlagt i vurderinga.

Konklusjon

- Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.
- Vedtaket gjeld frå 15.04.2020 og har ei varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d
- Eit forlenga forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar vart vedteke av KKL i møtet 14. april 2020.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
047/20	Formannskapet	PS	03.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Liv Løvvik	FA-X20	20/93

Forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar

Framlegg til vedtak:

· Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.

· Vedtaket gjeld frå 04.04.2020 og har ein varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d

· Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.

· Vedtaket gjeld frå 04.04.2020 og har ein varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d

Vedtaket vert gjort med atterhald om at formannskapet i Alver gjer tilsvarande vedtak, når dei handsamar saka fredag 3. april.

Formannskapet - 047/20 - 03.04.2020

FS - behandling:

Rådmann Liv Løvvik orienterte om at dette forbodet er teke opp frå Alver kommune si side.

Austrheim har felles legevakt med Alver kommune, og dei utfordringar som Alver har, gjeld også Austrheim.

Er kort veg frå Alver til Austrheim dersom bubil/camping ser at det er forbod i Alver.

Helge Dyrkolbotn (KrF): Om me går med på dette, risikerer me at alle vert pressa vidare til Fedje eller Gulen?

Liv Løvvik: Det er kvar kommune som må vurdere dette.

Per Lerøy (Ap): Fedje, Gulen og Masfjorden tek ikkje dette som forskrift, men går ut med ei sterk oppfordring på linje med alle andre kommunar i gamle Hordaland, om at ein ikkje besøker deira kommune i løpet av påska.

Liv Løvvik: Dette er heimla i smittevernlovgjevinga. Kommunelegen/smittevernlegen kan gje sju dagar, kommunestyret må stadfesta dette vidare. Stadfestinga frå kommunestyret skjer tysdag over e-post.

Inger Lise Brekke (H): Helsedirektoratet har sagt at det ikkje er nødvendig med forbod for bubil eller båtar. Er det mogleg å støtta Alver med ei sterk oppmoding, men utan eit forbod?

Liv Løvvik: Om ein berre oppmodar, så kan ein ikkje bortvisa nokon. Saksframstillinga er sjekka opp mot det som gjeld nasjonalt, der det er sagt at kvar kommune kan gjere eigne vedtak.

Inger Lise Brekke (H): Er litt ambivalent på dette, på dette med å anten seia at det er nok med oppmoding, eller vera støttande opp mot Alver som har vår felles legevakt.

Liv Løvvik: For kommunen er det kapasitetsutfordringar med både testing og analyse.

Inger Lise Brekke (H): Er naturleg å støtta Alver dersom dei gjer dette vedtaket. Men her har ikkje Alver vedteke noko enno (møtet startar 12.00).

Per Lerøy (Ap): Kan me seia at det er med atterhald av vedtak i Alver kommune?

Liv Løvvik: Kan også venta med publisering til etter at Alver har gjort sitt vedtak.

Helge Dyrkolbotn (KrF): Kan leggja inn eit atterhald om at dette gjeld frå når Alver gjer sitt vedtak seinare i dag.

Akkurat den tida me går inn i no, vil det vanlegvis stå ein masse bubilar rundt i øyane og i Mastrevik. Samd med tiltaket, men korleis skal det handhevast.

Liv Løvvik: Her vert det gjort ei spesifikk betraktning, og dermed er ein innanfor der andre kommunar har vore utanfor lovgrunnlaget på grunn av meir generelle betraktningar.

Inger Lise Brekke (H): Men på dagtid vil det framleis vera lov å bevega seg med båt eller bubil, så noko smittefare kan det vera.

Liv Løvvik: Det er nettopp på natta at det er dårlegast dekning for legevakten, så det er på natta at det er mest behov for ei slik innskrenking.

Denne saka skal opp til stadfesting i kommunestyret i neste veke, tysdag 7. april. Ønskjer også å få kommunestyret si stadfesting på restriksjonar for idrettsanlegg, som fotball.

Inger Lise Brekke (H): Ber om at det vert teke atterhald om vedtak i Alver.

Handsaming i formannskapet:

Sams vedtak om rådmannens framlegg med innlagt atterhald.

FS vedtak:

· Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.

· Vedtaket gjeld frå 04.04.2020 og har ein varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d. Vedtaket vert gjort med atterhald om at formannskapet i Alver gjer tilsvarende vedtak, når dei handsamar saka fredag 3. april.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Covid-19 er erklært som eit alvorleg utbrot av allmennfarleg smittsam sjukdom, som kan få alvorlege helsekonsekvensar for mange menneske. Verdens helseorganisasjon har erklært sjukdomen som ein pandemi, og ei alvorleg hending for internasjonal folkehelse. Det er sett i verk omfattande nasjonale tiltak for å avgrense spreiding av Covid-19, og for å bidra til å oppretthalde nødvendige helse- og omsorgstenester. Nasjonale myndigheiter har stengd ei rekkje verksemder, skular, barnehagar, og nedlagd forbod mot ei rekkje aktivitetar der menneske elles vert samla.

Av omsyn til smittevernet og for å oppretthalde tilstrekkeleg smittvernkapasitet i kommunar og i helse- og omsorgstenesta, anbefalar kommuneoverlegen at det er naudsynt for kommunen å vedta eit forbod mot overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen.

Rettsleg grunnlag :

Smittevernlova § 4-1 gjev heimel for vedtaket. Aktuelle tiltak framgår av bestemmelsens første ledd

bokstavane a til e.

Grunnleggande krav ved iverksetting av tiltak etter § 4-1 framgår av smittevernloven § 1-5: "Smitteverntiltak etter loven skal være basert på en klar medisinskfaglig begrunnelse, være nødvendig av hensyn til smittevernet og fremstå tjenlig etter en helhetsvurdering. Ved iverksettelse av smitteverntiltak skal det legges vekt på frivillig medvirkning fra den eller de tiltaket gjelder.

Tvangstiltak kan ikke brukes når det etter sakens art og forholdene ellers vil være et uforholdsmessig inngrep."

Vedtaket er i tråd med rettleiaren frå Helse og omsorgsdepartementet, datert 29.03.20:

«Veileder til kommunene om lokale karanteneregler eller innreiserestriksjoner i forbindelse med utbruddet av Covid-19». Der går det fram at tiltak etter smittevernloven § 4-1 må vere vurdert og begrunna i lys av den konkrete situasjonen i den einsskille kommune, og at eit kommunalt tiltak kan vere strengare enn nasjonale tiltak (prt 5).

Vurdering

Kriteria for å bli testa for koronaviruset er strenge, og ein kjenner derfor ikkje dei reelle tala for smitta i dei einsskille kommunane, og smittespreiing kan skje frå personar som ikkje veit at dei er smitta. For å avgrense smittespreiing til befolkninga i Austrheim kommune, vil det vere viktig å avgrense moglegheita for innbyggjarar i andre kommunar til å overnatte i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar eller bubilar.

Austrheim har ei sårbar helse- og omsorgsteneste, der karantenetiltak etter nærkontakt med personar med påvist covid-19 sjukdom får omfattande konsekvensar for tenestetilbodet i kommunen. Austrheim kommune har etter helse- og omsorgstenestelova plikt til å yte helsetenester til dei som oppheld seg midlertidig i kommunen. Dette omfattar både heimesjukepleie, og allmennlegetenester, inkludert legevakt. Helse- og omsorgstenestene har allereie stor belastning på grunn av tidlegare utskrivningar frå sjukehus av pasientar som treng helsehjelp, etablering av nye sengeplassar for å ivareta pasientar med mistenkt koronasjukdom, og sengeplassar for dei med påvist koronasjukdom.

Nordhordland legevakt betener befolkninga i Austrheim, Austrheim, Fedje, Osterøy, Gulen, Masfjorden og Modalen. Dette ei sårbar teneste. Ei rekke konsultasjonar på legevakta tar no lenger tid, fordi det er krav til ekstra smitteverntiltak. Kapasiteten ved legevakta er derfor allereie no redusert. Ei auke av befolkninga som skal ha tilbod frå legevakta, vil svekke beredskapen. Bemanninga ved legevakta er sårbar for endringar som Austrheim kommune ikkje har kontroll over, som for eksempel at sjukehuslegar som er ein del av det faste legevaktkorpset, på kort varsel ikkje lenger kan ta vakter ved legevakta, men blir trekt inn til meir jobbing på sjukehus i Bergen.

Av omsyn til smittevernet og for å oppretthalde tilstrekkeleg smittevernkapasitet i kommunen og i helse- og omsorgstenesta, vert det rådd til at ein vedtar eit forbod mot overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Det er vurdert at den samfunnsmessige nytten ved smitteverntiltaket er viktigare enn eventuell belastning og ulempe for dei tiltaket gjeld. Frivillig medverknad er vektlagt i vurderinga.

Konklusjon

- Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.
- Vedtaket gjeld frå 04.04.2020 og har ein varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
032/20	Kommunestyret	PS	16.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FA-X20	20/93

Smittevernlegens vurdering av idrettsaktivitet - Korona - frå 15. april

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret støttar smittevernlegen sine retningslinjer, gjeldande frå 15. til 21. april, og vedteke av KKL tysdag 14. april:

- 1) Dei generelle statleg fastsette reglane gjeld, om å halda minst to meter avstand til andre, og ikkje vera i grupper på over fem personar.
- 2) Skular og barnehagar er stengde til og med høvesvis 27. april (skular) og 20. april (barnehagar). Dette for å unngå kontakt mellom menneske, og oppfylla dei statlege reglane nemnde i punkt 1. Denne stenginga omfattar også vanleg bruk av idrettsanlegga i kommunen, som fotballbaner, basseng med garderobar, ballbingar, skuleplassar og gymsal/idrettshall.

Fotballbaner og ballbingar er ikkje stengde for all bruk. Men ein må etterleva dei generelle reglane om fem eller færre i kvar gruppe, og minst to meter mellom kvar utøvar. Ballspel må ein unngå. Sjå elles Norges Fotballforbund sine eigne reglar for fotballaktivitet som tar omsyn til smittevernet, mellom anna at ein ikkje skal duellera om ballen, ikkje ta på ballen, og ikkje heada ballen.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommuneoverlege/smittevernlege i Austrheim, Peter Kubon, har gjort ei vurdering av bruk av idrettsanlegg no under Korona-pandemien.

Denne vurderinga var i første omgang gjeldande til 14. april 2020, stadfesta av kommunestyret i deira møte 8. april, med nokre endringar i smittevernlegen sine avgrensingar for bruken av idrettsanlegga, som fotballbane og ballbingar. Så har smittevernlegen gjort ei liknande vurdering for perioden 15. til 21. april, i samsvar med kommunestyret sine justeringar frå 8. april.

Grunngjevinga for smittevernlegens vurderingar er at:

A) Aktiv utøving av ballspel eller annan idrett inneber sveitning, pusting med meir, der dette med å halda avstand er særleg viktig. Ein må unngå kontaktidrett og bruk av felles utstyr. Dette gjeld også der utstyr (som ball, frisbee) kan komma i kontakt med fleire under utøvinga av aktiviteten.

B) Med tanke på smittefare vil ballspel vera spesielt risikabelt, med tanke på at ein lett kjem nærare kvarandre enn to meter, og at ballen går mellom fleire. Ballspel må ein difor unngå.

C) Treningsaktivitet som er rekna som OK med omsyn til smittevern, og i tråd med nasjonale retningslinjer: Trening i grupper på fem eller færre friske personar, der ein har 2 meters avstand mellom kvar både før, under og etter økta.

Grunnlaget for desse tiltaka er den overordna smittevernvurderinga lokalt. Per no (3. april) er det ikkje påvist Covid-19 i Austrheim kommune, og målet er å vidareføre dette lengst mogleg, utan urimelege avgrensingar i samfunnslivet, inklusiv idretten.

I tidleg fase av sjukdommen kan ein vera smitteførande - altså før ein kjenner seg sjuk. Unge utan tilleggssisiko får generelt lettare forløp enn eldre.

Dei tiltak som er innført, mellom anna om smittereduksjon mellom yngre, siktar også mot å unngå smitte av risikoutsette og eldre generelt. Desse tiltaka for idretten er ein del av den dugnaden ein no tek for å redusera smitten av Covid-19.

Nordhordland interkommunale legevakt dekkar eit særst stort distrikt, og ein tilstrebar eit kvart tiltak som kan avgrensa belastninga på legevakttenesta.

Samstundes vert idretten oppfordra til å vera kreative i si tilpassing av aktivitetar innanfor dei generelle retningslinjene, og må gjerne melda til kommunen om tiltenkte tilrettelagde tiltak.

Det er viktig å oppretthalda dialogen med lag og organisasjonar, for best mogleg å sikra at ein tar smittevernomsyn i tida framover, både i tråd med statlege retningslinjer og lokale omsyn, og sett opp mot smittesituasjonen.

Vurdering

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

1) Dei generelle statleg fastsette reglane gjeld, om å halda minst to meter avstand til andre, og ikkje vera i grupper på over fem personar.

2) Skular og barnehagar er stengde til og med høvesvis 27. april (skular) og 20. april (barnehagar). Dette for å unngå kontakt mellom menneske, og oppfylla dei statlege reglane nemnde i punkt 1. Denne stenginga omfattar også vanleg bruk av idrettsanlegga i kommunen, som fotballbaner, basseng med garderobar, ballbingar, skuleplassar og gymsal/idrettshall.

Fotballbaner og ballbingar er ikkje stengde for all bruk. Men ein må etterleva dei generelle reglane om fem eller færre i kvar gruppe, og minst to meter mellom kvar utøvar. Ballspel må ein unngå. Sjå elles Norges Fotballforbund sine eigne reglar for fotballaktivitet som tar omsyn til smittevernet, mellom anna at ein ikkje skal duellera om ballen, ikkje ta på ballen, og ikkje heada ballen.